



Ståle Reigstad  
Klauvarinden 29 A  
5107 SALHUS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9170 - 21/75082

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
16.11.2021

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minirenseanlegg - gbnr 502/37 Valdersnes

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr: 1205/21</b>
<b>Byggestad:</b>	Gbnr: 502/37
<b>Tiltakshavar:</b>	Ståle Reigstad
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Klevstad Rørservice AS
<b>Søknadstype:</b>	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 502/37 Valdersnes på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minirenseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minirenseanlegget skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Det skal til ei kvar tid liggje føre gyldig tømmeavtale med godkjent føretak for tømning av reinseanlegg med båt/ferje.
8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

## Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utseppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 502/37 Valdernesnes.

I søknaden er det opplyst at utseppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biocleaner BC 6 Optima. Utslepp frå anlegget vert ført vidare i tett leidning til sjø og avsluttast på 30 meters djupne.

Storleiken til utseppet er opplyst til 4 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.10.2021.

## Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

## Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

## Uttale frå anna styresmakt

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har 14.07.2021 gjeve følgjande forhåndsuttale:

Ut fra de opplysningervi har mottatt kan vi ikke se at tiltaket vil være problematisk etter havne- og farvannsloven og vi er innstilt på å fatte positivt vedtak i saken.

## Dispensasjon

Eigedomen ligg i eit område som er omfatta av Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke.

Statsforvaltaren har vurdert at det er rett å innvilga dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om høge krav til reinsing, samt varsam utlegging av røyrleidninga fram til område for optimal vassutskifting.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev datert 22.09.2021 gjort følgjande vedtak:

### Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 b, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane, til legging av ei 30 meter lang røyrleidning frå hytta på gards- og bruksnummer 502/37 i Alver kommune, på følgjande vilkår:

1. Utsleppet ligg i følsamt fjordområde og skal minst etterkomme forureiningsforskrifta sine krav til reinsing av denne type utsepp til følsame område.
2. Røyrleidninga langs botnen skal vere minimum 10 meter og utseppspunktet må liggje slik at vassutskiftinga på staden vert optimalisert. Utsleppspunktet må heller ikkje forårsake gjennomslag til overflata.
3. Røyrleidninga skal bli lagt i trasé der den ikkje øydelegg viktige naturførekomstar.
4. Statsforvaltaren gir *ikkje* løyve til terrengtilpassing i form av sprenging, graving, mudring eller anna tilsvarande anleggsarbeid på sjøbotn i verneområdet.
5. Dersom bruk av røyrleidninga opphøyrer, skal den bli fjerna og levert til godkjent mottak.
6. Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt røyrleidninga skal vere fri for avfall.
7. Statsforvaltaren skal ha ein rapport med bilete i ettertid at tiltaket, der m.a. endeleg trasé for ny leidning går fram, lengda på røyrret, dato for gjennomføring, viktige observasjonar av fjordbotn ved legging av røyrleidninga, med meir.
8. Det omsøkte tiltaket må vere slutført seinast i løpet av 2024.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 22.10.2021.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biocleaner BC 6 Optima. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Det er inngått tømmeavtale datert 20.05.2021 med Norva24 for tømning av reinseanlegg frå båt/ferje.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 502/37. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til sjø.

### **Nabovarsling**

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det er kommunens vurdering at tiltaket kan etablerast utan nabovarsling. Eigedomen ligg slik til at dette ikkje påverkar naboar i noko grad.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 21/9013.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9170**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Klevstad Rørservice AS

Myrdalshovden 5130  
134

NYBORG

### **Mottakarar:**

Ståle Reigstad

Klauvarinden 29 5107  
A

SALHUS

